

Emnerapport for spansk språk og latinamerikastudium

Emnekode: SPLA103

Semester: vår 2015

Faglærers vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring

Alt gjekk etter planen.

Strykprosent og frafall

46 kandidatar var melde opp til eksamen, 2 av desse berre i munnleg. Ein student tok skriftleg eksamen, men møtte ikkje på munnleg. 15 studentar møtte ikkje på skriftleg eksamen og kunne dermed ikkje ta munnleg eksamen. 3 kandidatar strauk.

Karakterfordeling

Mellom dei studentane som tok både skriftleg og munnleg eksamen våren 2015, vart fordelinga som følgjer:

A –6

B –6

C –9

D –4

E –0

F –3

Tilgang til relevant litteratur

Pensum var på plass på Akademika og Mi Side til semesterstart.

Faglærers vurdering av rammevilkårene

Lokaler og undervisningsutstyr

Alt OK.

Andre forhold

Faglærers kommentar til student-evaluering(e)

Studentevalueringa vart gjennomført i siste undervisningsveka. Nesten berre studentar som deltok på førelesingar leverte inn skjema for studentevaluering. Ein svarte per e-post, etter at skjemaet vart sendt ut til alle registrerte på emnet. Totalt 14 studentar svarte.

Bakgrunnen til studentane som tok SPLA103 våren 2015 var svært ulik. Ingen hadde spansk som morsmål, men 9 hadde opphald på 6 månader eller meir i eit spansktalande land bak seg. 3 av desse samt ein annan student hadde teke 100-emne ved annan lærestad i Noreg eller i utlandet. Ein student hadde tidlegare teke fire 100-nivåemne i spansk språk og latinamerikastudium ved UiB. 2 studentar hadde spansk frå vidaregåande.

Ingen studentar kommenterte nivået, verken at det var for høgt eller for lågt.

8 studentar tok emnet SPLA100 hausten 2014, og 7 av desse meinte at dette hadde gjort overgangen til 100-nivå lettare. Ein student svarte «veit ikkje».

Stort sett er studentane nógde med dei ulike komponentane av emnet:

- 13 studentar var svært nógde eller nógde med emnet totalt sett
- 14 meiner at utbyttet av førelesingane har vore særst godt eller godt
- 12 meiner at undervisninga var veldig relevant eller relevant i forhold til læringsmåla for kurset
- 13 meiner at pensum var veldig relevant eller relevant
- 14 meiner at kommunikasjonen mellom førelesar og student har vore svært bra eller bra
- 14 meiner at bruken av Mi Side har vore svært god eller god
- 12 er svært nógde eller nógde med studieadministrativ oppfølging
- Alle dei 6 som har delteke på gruppeundervisninga har hatt veldig godt eller godt utbyte av gruppene

Når det gjeld eigen innsats og timar investert i studiet av dette emnet, var resultatane som følger:

- 8 vurderer eigen innsats som bra, 5 vurderer denne som middels og 1 som dårleg
- 5 studentar har arbeidd under 5 timar med emnet i ei vanleg studieveke og 9 har jobba 6-10 timar

Studentane verkar stort sett nógde med vurderingsforma på emnet. Dei fleste vil gjerne ha heimeeksamen eller semesteroppgåve, gjerne i kombinasjon med munnleg eksamen, slik det er i dag. 2 ville gjerne hatt obligatoriske oppgåver pluss mappeevaluering og 2 ville gjerne hatt skuleeksamen, eventuelt i kombinasjon med munnleg eksamen.

8 studentar gav tilbakemelding på punktet «Forslag til forbetringar for neste gjennomføring av emnet». 1 av desse var utelukkande positiv tilbakemelding der ingen endringar var føreslegne. To studentar ynskjer obligatoriske innleveringar, to ber om at Power Point-presentasjonar vert lagt ut på Mi Side minimum ein dag før førelesing, to kommenterer at den eine pensumboka (*Atlas Histórico de Latinoamérica*) er veldig tung å lesa og føreslår å byta denne ut. Ein student kommenterer at eksamensdatoar bør annonserast før 1. februar, altså før fristen for å melda seg opp i emnet.

Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak

Emnet ser generelt ut til å fungera bra. Ein kan vurdere både å byta ut pensumboka studentane nemner, og å innføra obligatoriske oppgåver.